

Referat frå årsmøtet til Varhaugbuen 2020

Årsmøtet vart halde i det sosiale rom på IDEN tysdag 25. mai 2021, kl. 19.00.

Desse møtte:

Bjørg Reime Håland, Varhaug bygdekvinnelag
Brit Obrestad, Vennelaget for Lerbrekk skule/styret
Asle Haukland, Varhaug bedriftsforening/styret
Per-Arvid Jakobsen, Varhaug misjonshus/styret
Eivind Galtvik, Vennelaget for Lensmannsløa
Liv Hobberstad, redaktør
Eli Aanestad, Varhaug bygdekvinnelag
Harald Aanestad, bladbud/observatør
Gaute Ødemotland, Varhaug bondelag
Ingvar Reiestad, Vennelaget Lerbrekk skule
Inger Haugstad, Varhaug pensjonistlag
Paul Odland, invitert

Per-Arvid Jakobsen hadde lista over alle inviterte, og kryssa av dei som kom. Dette er då lista som gjeld for eventuell corona-sporing etter krav frå FHI.

Leiar Per-Arvid Jakobsen ynskte alle velkomen, og spesielt velkommen til Paul Odland som skulle kåsere om Ivar Aasen.

Paul Odland fekk ordet før årsmøtetsakene. Han hadde eit interessant kåseri om diktaren og nynorskmannen Ivar Aasen. Takka vere han så har me fått det flotte og velklingande nynorske språket.

Liv Hobberstad takka Paul Odland med ein blomebukett. Så var det tid for årsmøtet.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste

Samrøystes godkjent

2. Val av møteleiar og referent

Per-Arvid Jakobsen vart vald til møteleiar og Brit Obrestad til referent.

3 Val av to til å underteikne møteboka saman med møteleiaren

Bjørg Reime Håland og Ingvar Reiestad vart vald til å skriva under møteboka.

4. Årsmeldinga for bladet

Per-Arvid Jakobsen gjekk gjennom og las opp årsmeldinga

Samrøystes godkjent

5. Rekneskap for bladet

Brit Obrestad gjekk gjennom og las opp rekneskapet

Samrøystes godkjent

6. Innkomne saker

Det var ikkje kome inn nokre andre saker. Liv Hobberstad orienterte om sauene og følet som ligg på eit lager. Ho har snakka med rektor Johan Omland, og det ser ut som at det vil koma på plass på skulen når den vert ferdig etter ombygginga.

7. Val av styre

Det vart bemerkta at styremedlem i post A, B og C vert vald av organisasjonane og årsmøtet berre godkjenner, medan D og E vert valde av årsmøtet, dette året posisjon D.

A. Ole Kristian Ødegård BU - ikkje på val

B. Gaute Ødemotland Bondelaget – vald for 2 år

C. Asle Haukland VBF - ikkje på val

D. Brit Obrestad Vennelaget Lerbrekk skule. – attvald for 2 år

E. Per-Arvid Jakobsen Misjonshuset - ikkje på val

(1 av representantane skal veljast til leiar. Styret konstituerer seg sjølv)

8. Val av

1. varamann: Ingvar Reiestad Vennelaget Lerbrekk skule – attvald for 1 år

2. varamann: Eivind Galtvik Vennelaget for Lensmannsløa– vald for 1 år

9. Val av revisorar :

Rune Odland og Irene Hobberstad – attvald

Dermed var årsmøtet gjennomført. Liv Hobberstad tok ordet og sa at ei i styret hadde runda ein stor dag. Brit Obrestad fekk ein stor og fin hortensia og til lukka med vel overstått dag.

Det var lagt opp til enkel servering og bruk av eingongsservice i papp og plast. Mat var pizza og drikke var både kaffe, te og boksar med brus. Twist og kjeks til kaffien.

Ref: Brit Obrestad

Björg Reime Håland

Ingvar Reiestad

Per-Arvid Jakobsen